



INNHALD

Ordføraren	2
Personaltyt.....	3
Brubygging på Dingemoen skule	4
Frå 2 av 40000 til 2 av 3000	6
Klippe, klippe.....	9
Karneval i Yksebjør barnehage	13
Nytt frå Landbrukskontoret	14
Den Trondhjemske postvei.....	16
Fjalerprisen 2011.....	17
Gjenvinning	18
Fjaler 100 år	20
Rydding av turstiar	22

TEMA:

Bruer

DENNE UTGÅVA av Brua har bru som tema. Det er naturleg nok mykje som dreier seg om dette i Fjaler for tida. Fyrst og fremst er det det store prosjektet med bygging av bru over Dalsfjorden. Brua-redaksjonen har intervjuet folk frå Berger Bilfinger for å finna ut korleis det er å jobbe med dette prosjektet.

Sjå side 6





Foto: Bent Are Iversen/FIRDA



BRUBYGGINGA har også 2. trinnet på Dingmoen skule latt seg inspirere av og har bygd sine egne bruer. Også dette er stor ingeniørkunst.

Sjå side 4



SIDAN FJALER ER 100 ÅR i år har vi også sett oss litt tilbake med historikk om Den Trondhjemske postvei som har mange fine steinbruer langs traseen og litt stoff om korleis desse bruene kanskje er noko av inspirasjonen til kommunevåpenet vårt.

Sjå side 14



Ordfører
ARVE HELLE

Tlf. 57 73 80 52
Mobil 917 37 562

Epost:
arve.helle@fjaler.kommune.no

ORDFØRAREN
er å treffe i skranken
på sørviskontoret første
onsdag kvar mnd.
kl. 08.30-11.30

ELDRERÅDET I FJALER 2011-2015

Leiar: Kåre Flekke
(Fjaler helselag)
Kasserar: Ruth Skadal
(Fjaler pensjonistlag)

Medlemer:
Magnar Myklebust, Sonja Flekke
(Fjaler pensjonistlag)
Magnus Løvik (politisk vald)

Vara: Olav Nedrebø
(Fjaler pensjonistlag)
Hans Stav (politisk vald)

Sekretær:
Bente Liabø Thorsen, BIO

Gode fjalerbuar!

Tema i denne utgåva av Brua er nettopp bru... Meir aktuelt tema kan vel knapt finnast her på våre kantar i desse dagar. Brutårna veks så å seie kvar dag og bru-arbeidarane er ein synleg del av gate-biletet i Dale.

For dei som ikkje kan sjå brubygginga med eigne auge kan den no følgjast på Fjaler kommune sitt nett-tv. Etter sjåar-tala å døme dei første dagane er dette blitt eit svært populært tilbod.

Med opning av Dalsfjordsambandet om godt og vel halvtanna år er det på tide å reflektere litt over kva mulegheiter dette sambandet vil gje.

Eit naturleg tema å drøfte er kommunesamanslåing mellom Askvoll, Fjaler og Hyllestad. Her håpar eg vi kan få kommunestyra med på å børste støv av rapporten som Telemarksforsking utarbeida for 10 år sidan. Det viktige er at vi vågar å ta ein debatt rundt dette temaet og at folk engasjerer seg, så får vi sjå etter kvart om vi endar opp med ein felles kommune eller om eit alternativ kan vere eit tettare interkommunalt samarbeid.

Også andre enn vi i det offentlege bør sjå på kva mulegheiter eit større felles bu- og arbeidsområde vil gje. Anten ein snakkar om næringsliv, kulturliv, lag- og organisasjonar osv., så vil alle etter mi meining kunne hente ut fordelar ut av at omlandet blir utvida slik at ca 7000 menneske no vil nå kvarandre inn-anfor ein times reisetid.

Eg oppfordrar difor alle gode krefter i Fjaler til å starte denne prosessen no. Då kan vi hente ut fordelane frå starten og vise storsamfunnet frå dag 1 at Dalsfjordsambandet var ei rett satsing!

Det er kanskje ikkje så mange som veit det; men i år har Fjaler 100-årsjubileum. I kongeleg resolusjon av 6/12-1912 vart namnet på kommunen vår endra frå Ytre Holmedal til Fjaler.

Vi legg ikkje opp til noko storslagen feiring, men nokre små markeringar kjem vi til å ha i løpet av året. Med tanke på det eg har nemnt ovanfor om kommunesamanslåing blir det spennande å sjå om Fjaler-namnet overlever nye 100 år...

Arve Helle

ANSVARLEG REDAKTØR:

Rådgjevar Marit Hammer, tlf. 57 73 80 56. E-post: marit.hammer@fjaler.kommune.no

REDAKSJON:

Ingeborg Tysnes, tlf. 57 73 80 44. E-post: ingeborg.tysnes@fjaler.kommune.no
Kårhild Hustveit, tlf. 57 73 80 08. E-post: kaarhild.hustveit@fjaler.kommune.no
Margrete Reisæter, tlf. 57 73 80 20. E-post: frivilligsentralen@fjaler.kommune.no

Redaksjon avslutta 15.04.2012.

Utgåver 2012: April - juli - november. Opplag: 1300

Informasjonsbladet BRUA er gratis og vert fulldistribuert til alle husstandar i Fjaler og til utflytte fjalerbuar etter nærare avtale.

Ta kontakt med sørviskontoret, tlf. 57 73 80 00.

Utforming: FinDriv AS. Trykk: IHP

PERSONALNYTT



Frå venstre Solveig Nitter, Ida Haugsbø og Siri Tømmerbakke Arstein.
Tilsette som vikarar på Dingemoen skule.

Nye tilsette:

- Silje Myklebust er tilsett i vikariat i HAF5 interkommunale barnevernteneste fram til 01.12.12
- Åge Guddal er tilsett i fast stilling som prosjektleiar på Teknisk kontor
- Ida Haugsbø er tilsett i vikariat på Dingemoen skule fram til 31.12.12
- Solveig Nitter er tilsett i vikariat på Dingemoen skule fram til 31.12.12
- Siri Tømmerbakke Arstein er tilsett i vikariat på Dingemoen skule fram til 31.07.12
- Cathrine Rudi Flekke er tilsett som førskulelærer i Flekke barnehage frå mai 2012
- Marlene Sund er tilsett som sjukepleiar i arbeidslag 5
- Sigbjørn Eide er tilsett som sjukepleiar i arbeidslag 5
- Anne Grete Bele, Vadheim er tilsett i 75% stilling som fagarbeidar i arbeidslag 1

FJALER KOMMUNE



Fjaler kommune
Postboks 54,
6961 Dale i Sunnfjord
Tlf. 57 73 80 00
Faks 57 73 80 01

Besøksadresse: Sørviskontoret,
Fjalerhuset i Dale

E-post:
post@fjaler.kommune.no

Nettside:
www.fjaler.kommune.no

Teknisk vakt:
tlf. 951 83 515

NAV Fjaler:
tlf. 55 55 33 33
kl. 09.00 – 15.00 / heile året

Arbeidstid i Fjalerhuset/
på Helsetunet:
I tida 15. sept. til 14. mai: kl.
08.00 – 15.45
I tida 15. mai til 14. sept.: kl.
08.00 – 15.00

LEGEKONTOR:
tlf. 57 73 81 80

PÅ SØRVISKONTORET/
ved biblioteket vil du finne kopi
av sakspapir og møteprotokoll
frå formannskapet og
kommunestyret.
Kommunale planar og
offentlege høyringsutkast
finn du også her.

Sjå også www.fjaler.kommune.no



Historia bak kommunevåpenet

Kommunevåpenet

Motivet på Fjaler sitt kommunevåpen er to kvelvingsbruer i sølv på raud botn. Same motiv skal vere på det kommunale flagget, men då med kvite bruer på raud botn. Kommunen har så langt ikkje hatt flagg.

Kommunevåpenet og flagget for Fjaler kommune vart godkjent i statsråd 8. februar 1991.

Ideen til kommunevåpenet skriv seg frå dei gamle steinbruene på Den Trondhjemske Postvei, som går gjennom kommunen. Kommunevåpenet er teikna av nordfjordkunstnaren Inge Rotevatn.

Kommunestyret i Fjaler godkjende framlegget i oktober 1990. Etter det vart det tilrådd av Kommunaldepartementet, og til sist godkjent i statsråd.

Eit ope samfunn

Om vi legg Fjaler kommune sin visjon om eit ope samfunn til grunn for tolkinga av motivet, kan bruene også symbolisere kulturutvikling og kommunikasjon mellom land og folkeslag. Denne symbolikken likte tidlegare kultur- og nærings- sjef i Fjaler, Magne Bjergene, å bruke.

Brubygging på Dingemoen skule



Vi har brukt plastklossar til å bygge bru. Brua heiter bjelkebru. Frå venstre: Johannes Kråkenes, Anja Moltumyr, Therese Rennestraum, Maria Alværen og Agathe Harkestad.

2. trinn bygger bru

Ei bru som vi har venta på så lenge, gjorde det naturleg å involvere elevane på skulen i byggeprosjektet, meir enn berre å vere tilskodarar ved klipping av brusnora.

Gjennom faktakunnskap frå film, bøker og andre kjelder har elevane erverva seg ny kunnskap.

Elevane brukte ein dag på å planlegge og velje ut kva type bru dei ville bygge. Sjølv med noko kunnskap møtte elevane mange utfordringar.

No veit dei kor lang Dalsfjordbrua skal bli, kostnad, kva type bru og kor lang tid det tek å bygge den.



Vi laga ei hengebru. Vi brukte verdiløst materiale- Det var gøy fordi vi samarbeida. Det var vanskeleg å feste trådane på brua, men vi klarte det til slutt. Frå venstre: Casper Vik, Sigrid Felde, Noah Solheim og Martine Refsnes.



Vi laga ei bjelkebru. Vegen var av papp. Vi samarbeida godt. Brua vart grønn. Vi bygde ein heil dag. Brua vår datt ned 3 gonger før vi var ferdige. Frå venstre: Andrea Eros, Hanne Myklebust, Andrine S. Hjartholm og Jette Christiansen.

Brua er stor
Brua er lang
Brua har ein fin sang
Som er veldig lang
Brua er fin
Brua spelar fiolin
- Sigurd Vårdal

brua er stor
Brua er liten
Brua er sliten
Vi har ingen bru
Men det har kanskje du
Vi blir så kry
nor vi får ny bru
blir vi så gla
att vi synger trallallalla
- Sigrid Felde

Ei bru er god å ha
den jøre dei tre bakkane
bruse glad
brua bind oss i hop
slik at dei i askvoll
kan handle på coop
hipp hipp hurra for dalsfjordbrua
den er veldi bra
- Elias Neset

Brua er lang og stor
Brua ho står på jord
Brua er festa i fjellet
for vi hørde smellet
- Herman Skadal

Dalsfjordbrua skal bli ganske stor
strekker seg over vår fine fjord.
brua blir sver og også veldig sær
for at det bur ikkje så mange folk her.
- Agathe Harkestad



Vi var litt ueinige om kva for bru vi skulle bygge, men greidde å samarbeide til slutt. Vi lærde masse om bru. Det finst bogebru, hengebru og bjelkebru. Dalsfjordbrua vert ei hengebru. Vi brukte ein heil dag på å bygge brua vår. Frå venstre: Josef Frankland, Amadeus Myklebust, Tage Alvørvik og Julie Marie Antonisen.

Frå 2 av 40 000 til 2 av 3000



Brubygging sett frå Ottersteinen. Foto: Bent Are Iversen/FIRDA



Ingeniørstudentane Robert og Jens likar Dale og vil gjerne spele både volleyball og badminton.

Robert og Jens kjem frå Tyskland, studerer på universitetet i Aachen og skal bli sivilingeniørar. No er dei i Dale og får ta del i praktisk arbeid på kontoret til Bilfinger Berger og ute på brutårna. Gutane går på same universitet til dagleg, men kjende ikkje til kvarandre før dei kom til Dale. Kanskje ikkje så rart, der er jo 40 000 studentar! Førti tusen! Men her i Dale veit vi kven som eig huset dei bur i... Du kjenner dei kanskje att og har sett dei på butikken?

Dei tyske ingeniørstudentane Robert Berger – Böcker (25) og Jens Hartje (22) er nettopp komne til Dale som praktikantar hos Bilfinger Berger. Dei tok over etter to andre studentar som var her tidlegare. Robert er snart ferdig utdanna, medan Jens har to år att. Å kome her er på eige initiativ og er ikkje noko dei er pliktige til å gjere. Dei likar seg godt, men kor er folk?

- Vi var alle saman ein kveld på Kroa. Då vi gjekk heim i 22-tida, var det ingen å sjå, det var heilt tomt i sentrum. Det var ingen som gjekk ute. Det er rart. Men kanskje det kjem seg når det vert lysare?

Kva gjer de på når de er på jobb?

- Vi er eine halvparten av tida på kontoret og den andre delen ute på bru-

tårna. Der kontrollerer vi når dei fyller betong, utfører testar for å sjekke om det er luft og tek bilete. Vi dokumenterer dette og rapporterer berre om det er noko som er feil.

Arbeidstida er frå kl 07.00 – 18.00 høyrer vi. Når arbeidsdagen er omme, kva då?

-Vi er trøytt og slappar av, har kontakt med vener og familie på sosiale media. I huset vi bur i, er det plass til 4 personar, der kjem folk til Bilfinger Berger som bur i korte og litt

lengre periodar. Det er også sosialt. Vi har vore her så kort tid og har ikkje behov for noko anna enno, det er mykje som er nytt. Forresten er vi i gong med norsk-undervising på Dale vgs med Bernhard to dagar i veka! Han hjelper oss med å forstå meir av samfunnet vi lever i.

Kva tykkjer de om oss, ja for nokon møter de vel på?

- Ja på butikken! De er venlege!

«Gutta bygger og jeg er kontoret»

Nina Kowalczyk, einaste kvinne blant 70 menn hos Bilfinger Berger!

Nina er halvt norsk, halvt tysk og har to statsborgarskap. Mora, som kjem frå Oslo, drog til Tyskland som 19-åring og «blei» der. Men Nina har fullt opp av slektningar i Norge. Det er også smart å ha ein på laget som snakkar norsk, tenker vi. Men no har jo heile kontoret inne på Tross fått norsktimar på Dale vgs, så dei kan forstå litt meir på butikken. Ikkje dumt! Det er også nokon som er med og spelar volleyball i Fjalerhallen. Då tenkjer eg som skriv dette tilbake på den tida då Fjalerhuset vart bygt, då hadde vi også volleyballspelarar frå dei som bygde det huset. Det er alltid kjekt med nye folk i bygda.

Eg fortel om kommunevåpenet vårt, om bruene, den overførte tydinga av bru og kontakten mellom menneske og ulike land og om informasjonsbladet vårt som heiter Brua. Vi er jo veldig fokusert på bru no om dagen. Og vi er nyfikkne på kven dei er, dei som byggjer. Som er her berre ei tid for så å reise vidare til eit nytt prosjekt.

Viss vi vil bli meir kjende med brubyggjarane, kor kan vi møte dykk?

Nina seier det slik:

- Viss vi skulle sei det var noko vi sakna, så var det ein stad å møtast om kvelden. Vi er jo vande med ein annan utekultur heimafrå. Det er rett og slett ein kulturforskjell! Vi er spente på den nye puben på kaia når den opnar. Men vi jobbar mykje, og kveldane kan ikkje verte så seine, vi skal jo tidleg opp. Laurdagskvelden samlast dei gjerne i lag på brakkeriggen. Men eg seier til «gutta» at dei må bruke sjansen til å sjå seg rundt. Og sjølv om dei har vore ute heile dagen, er dei ute og fiskar og dei har plukka sopp og nokon har vore på tur til breområdet.

På kontoret til Bilfinger Berger er det 10 personar som jobbar i tillegg til ho sjølv som er prosjektsøkonom og –administrator. Ho har jobba i firmaet sidan 2005. På kontoret inne på Tross er det ein prosjektleiar, to anleggsleiarar – alle

er ingeniørar, dei to praktikantane, ein landmålar, tre formenn og ein ansvarleg mekanikar/elektrikar. Alle er tyske, bortsett frå den eine anleggsleiaren som er svensk. Resten av gjengen, 60 mann, er ute på brutårna og dei kjem frå Slovakia. For meir om deira liv, sjå Firda 24.03.12 der jour-



Jarnbinding på Dalsfjordbrua. Foto: Bent Are Iversen/FIRDA



Frå Løa i Jakob Sande-tunet: Firmaet Bilfinger Berger inviterte alle arbeidarane til fest i løa. På menyen stod det storfelår som hadde godgjort seg i fleire timar i ein vedfyrt omn. Martin Schweizok, prosjektleiar i BB, skjer opp grilla kjøt til svoltne brubyggjarar.. Foto: Bent Are Iversen/FIRDA

nalist Hilde Genberg ved hjelp av volontøren Katarina som tolk, har teikna eit bilete av livet som brubyggjar på anleggsbrakke i Dale. Fleire bilete finn du av Bent Are Iversen på firda.no

Nina fortel meir:

- Vi har det fint i Dale. Det er gangavstand til anlegget for alle, vi har alle fått husrom i sentrum. Til å begynne med, før vi var komne til Dale, gjekk

det litt treigt, kanskje var folk litt skeptiske i starten? Men då vi kom og starta med husjakt, var det som knuten løyste seg opp. Vi fekk hus og folk har berre vore hyggelege og møtt oss med eit smil! Og det er kjekt at folk følgjer med oss på bygginga, den er jo godt synleg!

Følgjer de med på kva som skjer her i området?
- Ja eg printar ut kulturkalenderen frå

nettsida til Fjaler kommune og slår den opp. Det er jo gjerne språket som er eit hinder, også at prisane er høge. Ein har det godt i Norge, vi tykkjer gjerne folk fokuserer mykje på seg sjølv og klagar på «høgt nivå».

Bilfinger Berger etablerte seg i juni 2011 i Dale første gong. Byggjstart var 5. september og byggjetida er rekna til 12 mnd. Når Bilfinger er ferdig, kjem det eit firma frå Nederland, HSM - Steel Structures BV, og tek over for å bygge sjølve brua.

Vi kjem tilbake i neste nummer om NCC og Statens Vegvesen.

FAKTABOKS

BILFINGER BERGER

- Hovudkontor i Wiesbaden, Tyskland
- Starta i Norge i med første prosjekt i 2004: Svinesundbrua
- Kristiansund, 2 bruer
- Tunell i Trondheim
- Ei bru i Sarpsborg og ei i Askim
- Det siste, E18 – veggen mellom Kristiansand og Grimstad som var eit DPS – prosjekt (offentleg/privat arbeidsfelleskap)
- Skal driftast i 25 år der halvparten av driftsselskapet er eigd av Bilfinger Berger.

SKULERUTA FOR ELEVANE I GRUNNSKULEN I FJALER 2012–2013

Månadene:	Tal skuledagar:
AUGUST	
Første skuledag: måndag 20. august	10 dagar
SEPTEMBER	20 dagar
OKTOBER	
Hautferie: 8.–12. oktober (v. 41)	18 dagar
NOVEMBER	
Elevfridag 19. november	21 dagar
DESEMBER	
Siste skuledag for jul: fredag 21. des.	15 dagar
JANUAR	
Første skuledag etter jul: torsdag 3. jan.	21 dagar

FEBRUAR

Vinterferie: 18.–22. februar (v. 8) 15 dagar

MARS

Siste skuledag før påske: fredag 22. mars 16 dagar

APRIL

Første skuledag etter påske: tysd. 2. april 21 dagar

MAI

Elevfri dag 10. mai 18 dagar

JUNI

Siste skuledag: fredag 21. juni 15 dagar

Sum:

190 dagar

Vedtatt av Fjaler kommune 19.01.2012

Marit Hammer, rådgjevar drift undervisning

KLIPPE, KLIPPE....

Om du ønskjer å lese meir om dei ulike sakene, finn du dei på kommunen sine heimesider www.fjaler.kommune.no: Lokalstyre - Møtekalender og saks-papir - ved å velje formannskapet eller kommunestyret frå møtekalenderen.

**BARNEVERNET – SAMHANDLINGSAVTALE
MELLOM STAT OG KOMMUNE**

Kommunestyret har godkjent framlegg til overordna avtale om samhandling mellom det kommunale barnevernet i Sogn og Fjordane og det statlege barnevernet i Region Vest. Fjaler kommune er vertskommune for HAFS barnevern, som omfattar kommunane Hyllestad, Askvoll, Solund og Fjaler.

KRISESENTERTILBOD I SOGN OG FJORDANE FRÅ 2012
Kommunestyret har vedteke samarbeidsavtale med Flora kommune om kjøp av krisesentertjenester for perioden 2012–2015. Samarbeidet skal skje som eit såkalla administrativt vertskommunesamarbeid.

AUKA TILSKOT TIL FJALER KINO

I 2008 starta Fjaler kino ein prosess for å digitalisere kinoen. I denne perioden har kommunen gjeve kr 560 000 i tilskot. Noko av grunnen til at kostnadane har auka er at ein har kjøpt inn utstyr m.a. for å kunne vise filmane i 3D. Sluttsommen på digitaliseringa er no 740 000. Kommunestyret har gjort vedtak om å auke løyvinga til digitaliseringa med kr 140 000.

KJØP AV FREDENSBORGÅSEN

Kommunestyret har vedteke å kjøpe eigedomen «Fredensborgåsen» for kr 258 000 frå Statskog. Eigedomen er på 338 daa. Kjøpet er finansiert ved løyving frå disposisjonsfondet.

**ALDEN HAMNEOMRÅDE – SELSKAPSAVTALE,
VEDTEKTER, FORSKRIFTER OM ANLØPSAVGIFT
OG SAKSHANDSAMING**

Kommunestyret har godkjent selskapsavtale og vedtekter for Alden hamneområde.

Kommunestyret har også godkjent forskrift om gebyrregulativ for saks-

handsaming av søknad om løyve etter Lov om Hamner og Farvatn. «Forskrift om kommunens berekning og innkreving av anløpsavgift» er godkjend. Les meir om saka på www.fjaler.kommune.no – arkivsak 11/188, kommunestyresakene 157/11 og 160/11.

**MÅL OG STRATEGIAR FOR VIDAREGÅANDE OPP-
LÆRING I SOGN OG FJORDANE 2012-2015**

Kommunestyret har slutta seg til felles uttale frå HAFS-kommunane. Vil du lese meir? Sjå kommunestyresak 158/11 på www.fjaler.kommune.no.

**BYGGESAKSRUTINANE FOR FJALER KOMMUNE
ER REVIDERTE.** Rutinane omhandlar m.a. organisering av byggesaker, den faste byggenemnda, plan- og styringsgruppe, prosjektansvar, prosjektleiing, byggeleiing og gangen i byggesaker. Les meir i kommunestyresak 159/11 på kommunen sine nettsider.

**VEDTEKTENE FOR SKULEFRITIDSORDNINGANE
I FJALER ER ENDRA.** Påmelding gjeld no for heile veker, ikkje enkeltdagar. For ferietilbodet vert det fastsett ein veke-sats. Vil du lese meir? Sjå kommunestyresak 5/12 på kommunen sine nettsider.

**KOMMUNEDPLAN FOR IDRETT, FRILUFTSLIV
OG FYSISK AKTIVITET**

Det er vedteke å starte arbeid med revidering av delplanen for perioden 2012–2015. Kjetil Fristad er vald som politisk representant i ei tverrfagleg arbeidsgruppe. Frank Vik er varamedlem. Andre medlemmer i gruppa er 1 representant for oppvekst, 1 representant for teknisk kontor, 1 representant for kommunehelsetenesta, 1 representant for idrettsrådet. I tillegg kjem ein representant for kulturkontoret, som er fagleg ansvarleg. Planen skal slutthandsamast av kommunestyret 17. desember.

FORSKOTTERING AV SPELEMIDLAR

Kommunestyret har vedteke å forskottere spelemidlar på kr 300 000 til Dale skyttarlag. Dette er summen skyttarlaget har fått godkjent i søknad om spelemidlar til rehabilitering av skytebana i Stavsdalen. Ventetida på utbetaling av slike midlar er 3-6 år.

FOSSEN BRYGGERIPUB

har fått innvilga serverings- skjenkeløyve samt tilverkingsløyve for alkoholholdig drikke. Løyvet gjeld i perioden 01.05.12 – 30.06.12. For skjenkeløyvet gjeld følgjande: Generelt løyve til skjenking av øl, sterkøl og vin kl 1300 – 0200. Generelt løyve til skjenking av brennevin kl 1300 – 0100.

Samtlege løyve i kommunen til sal og skjenking må fornyast etter 30.06.12. Vedtak skal gjerast av kommunestyret 14. mai.

SENER MOT INCEST OG SEKSUELLE OVERGREP

Kommunestyret har løyvt kr 11 636 for 2012 til oppretting av Senter mot incest og seksuelle overgrep for kommunane i Sogn og Fjordane. Førde kommune skal vere vertskommune. Vårt fylke er det einaste som hittil ikkje har hatt slikt tilbod.

Målsetjinga til senteret er å vere ein stad der det vert gjeve hjelp til sjølvhjelp for å bearbeide dei vonde opplevingane. Målgruppa er ungdom og vaksne av begge kjønn som har vore utsette for seksuelle overgrep, og føresette til utsett. Senteret skal vere eit lågterskeltilbod til alle kommunane i Sogn og Fjordane og skal vere gratis for alle brukarane.

**NY RAMMEAVTALE MELLOM KOMMUNANE I
SOGN OG FJORDANE OG HELSE FØRDE**

Kommunestyret har, med nokre endringar, godkjent framlegg til ny rammeavtale. Ordføraren har fått fullmakt til å skrive under avtalen. Les meir på www.fjaler.kommune.no – kommunestyresak 11/12.

HEIMFALL STAKALDEFOSSEN OG ØVRE- OG NEDRE SVULDINGEN. OVERFØRING AV FALL-RETTAR TIL SUNNFJORD ENERGI

Kommunestyret har godkjent forhandlingsprotokoll 18.01.12 mellom kommunane og Sunnfjord Energi. Referat frå møte 20.01.12 er godkjent som avtale mellom kommunane. Verdien som Fjaler mottok for fallretane, vel 2,5 mill kroner, skal overførast til utviklingsfondet. Les meir i kommunestyresak 12/12.

REGULERINGSPLAN FOR STEIESTØLEN/HOGSDALEN/SLETTELANDSSTØLEN

er vedteken i samsvar med plan- og bygningslova §12-12. Sjå kommune-styresak 13/12.

DELAVTALAR MELLOM KOMMUNANE OG HELSE FØRDE

- Kommunestyret har godkjent følgjande delavtalar med Helse Førde:
- om partane sitt ansvar for helse- og omsorgsoppgåver og tiltak partane skal utføre:
 - om retningsliner for samarbeid om utskrivingsklare pasientar som vert vurdert å ha behov for kommunale tenester etter utskrivning frå spesialis-thelsetenesta – somatikk
 - om den aktuttmedisinske kjeda.

TILSKOT TIL BYGGING/KJØP AV HUS OG KJØP AV GARDSBRUK

Under budsjetthandsaminga i desembermøtet vedtok kommunestyret å avslutte tilskotsordninga, der dei som tilfredsstilte vilkåra i retningslinene kunne få kr 30 000 i tilskot. Samstundes konkluderte kommunestyret med at søknader som var komne inn i løpet av 2011 og ikkje handsama, skulle bli å komme attende til etter nyttår.

I møte 14.02.12 følgde kommune-styret opp budsjettvedtaket og løyvde kr 180 000 frå disposisjonsfondet til søknadene som oppfyller vilkåra i retningslinene.

TILSKOT FRÅ SMIL-MIDLANE

Landbrukssjefen har gjort slike vedtak:

- Arne Heggheim, Guddal – inntil kr

38 850 til rydding og inngjerding av beite på gbnr 119/1

- Sigrunn Barsnes, Hellevik – inntil kr 22 050 til rydding og oppkvisting av sitkagran-alléar på Eina, gbnr 273/1
- Geir Magne Kleppe, Hellevik – inntil kr 5 500 til rydding av gammalt kulturbeite på gbnr 21/1 Brendehaug
- Oddmund Loneland, Flekke – inntil kr 26 350 til beiterydding og oppsetting av gjerde på gbnr 107/4, Bjordal
- Trine Mandelid, Guddal – inntil kr 15 500 til avlastingsbeite og opprusting av eksisterande beite på gbnr 113/1 og 133/3 Yndestad
- Nina Yndestad, Guddal – inntil kr 12 600 til rydding av utmarksbeite på gbnr 133/1 Yndestad
- Magne Norddal, Dale – inntil kr 75 000 til restaurering av gammalt våningshus på gbnr 78/2 Indre Norddal
- Arild Yndestad, Guddal – inntil kr 27 950 til beiterydding og gjerding på gbnr 112/1 Engen
- Terje Roald Halsnes, Dale – inntil kr 3 300 til rydding av gamalt beitemark på gbnr 54/1 Halsnes
- «Kystarven» v/prosjektlear Astrid Sandvik – kr 10 000 til prosjektet «Sauen røktar kystarven»
- Nordisk Kunstnarsenter Dalsåsen, Dale sin søknad om tilskot til tiltak for å hindre atngroing og
- Hermann Ingolf Erdal sin søknad om tilskot til rydding av vegetasjon på Dalsøyna, gbnr 45/1 vart ikkje prioritert i 2011 på grunn av avgrensa økonomiske rammer
- Det same galdt for Ruth Erdal sin søknad om tilskot til same føremål på Dalsøyna, gbnr 45/2.

LEIDULF GEORG BJØRVIK, DALE

har fått løyve til å byggje om 1 400 m til landbruksveg klasse 4 og byggje nye 300 m landbruksveg klasse 4, i alt 1 700 m landbruksveg kalla Store-dalsvegen på gbnr 81/1 Herstad. Bjørvik har også fått løyve til å byggje ny traktorveg klasse 7, Snarebotnvegen, på same gbnr. Det er sett visse vilkår til løyva, m.a. at løyva fell bort

dersom ikkje arbeida er avslutta innan 30.04.14.

ASTRID HEGGHEIM OSLAND OG ODD-ARNE OSLAND har, på visse vilkår, fått løyve til å byggje 410 m ny enkel landbruksveg, Klettavegen, på gbnr 131/3. Løyvet fell bort om ikkje arbeidet er ferdig innan 31.10.14.

PER NISTAD, DALE,

har fått løyve til å byggje om 130 m landbruksveg til vegklasse 5 og byggje 75 m ny landbruksveg klasse 5 på gbnr 53/3. Det knyter seg visse vilkår til løyvet, som fell bort dersom ikkje arbeidet er ferdig innan 31.10.14.

FLYTTING AV AVKØYRSLE – INDUSTRIOMRÅDE I DALE

Steien AS har fått dispensasjon frå reguleringsplan for Dingemoen – Steia, delområde 4, til flytting av avkøyrslé. Grunngevinga for vedtaket er at ny avkøyrslé vil gje ei betre trafikkmessig løysing for området. Det er godkjent grensejustering mellom gbnr 64/23, 52, 136, 167 og 141. Endeleg fastsetjing av grensene skjer på oppmålingsforretninga.



PER NISTAD,

Dale, har fått dispensasjon frå arealdelen av kommuneplanen og byggjeforbodet langs sjø til oppføring av utleigehytte på gbnr 53/3. Grunngevinga for vedtaket er at tiltaket ikkje kjem i konflikt med natur-, kultur-, friluftsliv eller allmenne interesser.

STEIEN AS

har fått løyve til å kjøpe ca 350 m2 frå gbnr 64/141 som tilleggsareal til gbnr 64/167. Fjaler kommune overtek samstundes ca 45 m2 frå bnr 64/136 som er søkt overført til gbnr 64/167 og Steien AS. Grenesjusteringane går fram av kart.

DELING AV GRUNNEIGEDOM GBNR 92/1, 13, 24

i samband med tilrettelegging for gjenvinningsstasjon i Kjørlevika, Flekke, er godkjend i samsvar med plan- og bygningslova. Endelege grenser vert fastsette på oppmålingsforreninga.

DELING AV GRUNNEIGEDOM GBNR 33/17/2 – STRAUMSNES BUSTADFELT

Det er gjeve løyve til oppretting av ny festegrund for tomt 8 i reguleringsplan Straumsnes byggjefelt.

WERNER GARRE-FIVELSDAL,

Dale, har fått konsesjon på overtaking av gbnr 101/1 Hovland for ein kjøpesum på kr 1 850 000.

FRODE MYKLEBUST OG LINDA TURØY

har, på nærare fastsette vilkår, fått rammeløyve for nytt bustadhus på gbnr 65/153. Ansvarsrettar er tildelte etter eigen søknad.

HILDE ÅSNES,

Flekke, har fått konsesjon på overtaking av gbnr 35/4 på Straumsnes. Buplikta på eigedommen er oppfylt ved at Hilde Åsnes er busett på gbnr 93/12. Krav til driveplikt følgjer minimumskravet i jordlova.

REGULERINGSPLAN FOR HOLSTAD GBNR 238/2

Det er vedteke planprogram for detaljregulering av Holstad.

SONJA DINGSØYR,

Guddal, har fått løyve til å byggje 200 m ny landbruksveg kl 8, Tulandsbotnvegen, på gbnr 131/1. Eitt av vilkåra som er sette er at arbeidet må vere ferdig innan 01.02.15 om ikkje løyvet skal falle bort.

TRYGVE ELDEVIK,

Flekke, har, på visse vilkår, fått løyve til å byggje Tørvåsvegen A på 155 m og Tørvåsvegen B på 160 m som nye landbruksvegar i klasse 7 på gbnr 39/2. Løyvet fell bort om ikkje arbeidet er avslutta innan 01.02.15.

GEIR RUNE KLEPPE OG ANNE-MARIE OG SVEIN NEDREBØ,

Dale, har søkt om tilskot til nærings- og miljøtiltak i skogbruket til bygging av Jordskrifteveg 1 på Løset, på gbnr 76/1 og 5. Leiar for LAF har rådd til at tilskot vert gjeve med kr 36 000.

ØRJAR EIKEN,

Hellevik, har fått løyve til å planere om lag 4 daa fulldyrka jord på gbnr 27/1 og om lag 6 daa fulldyrka jord på gbnr 27/2. Han har også fått løyve til å fjerne steinrøys frå fulldyrka mark på gbnr 27/2.

LEIDLUF GEORG BJØRVIK,

Dale, har søkt om tilskot til nærings- og miljøtiltak i skogbruket til oppgradering/bygging av Storedalvegen og bygging av Snarebotnvegen på gbnr 81/1 Herstad. Leiar for LAF rår til at tilskot vert gjeve med høvesvis kr 409 500 og 40 000.

SVERRE ASK,

Fure, har fått løyve etter plan- og bygningslova til deling av gbnr 233/10 til to eigedommar. Omsøkte eigedom har i dag to teigar og det var den eine som no vart søkt frådelt. Bakgrunn er at søkjar ynskde å fordele eigedommen til sine born. Son til søkjar eig i dag ei frådelt bustadtomt innanfor området og det er han som skal overta den omsøkte delen.

ODDRUN YNDESTAD,

Guddal, har fått løyve etter plan- og bygningslova til frådelling av tomt på ca 500 m2 rundt ei eksisterande hytte. Tomta må sikrast tilkomst frå offentleg veg.

KIRSTEN STORAKER,

Flekke, har fått avslag på søknad om dispensasjon frå arealdelen i kommuneplanen og byggje- og deleforbodet i strandsona til frådelling av 3 tomter til fritidsføremål på gbnr 92/23. Grunngeving for avslaget er at vilkåra for å kunne gje dispensasjon ikkje er oppfylt.

SKREDFARE - IGANGSETJING OG PRIORITERING AV TILTAK

På slutten av 2011 vart orientering om skredfare ulike stader i kommunen teken til orientering. I budsjettet for 2012 er det avsett kr 500 000 til utgreiing av skredfare og gjennomføring av sikringstiltak.

Prioriteringslista er slik:

1. Kommunal veg i Flekke byggjefelt
2. Bustadfelt i Hatledalen
3. Klatrefelt ved UWC på Haugland
4. Kommunal veg ved UWC på Haugland
5. Smedfjellet
6. Stien (gamal boss plass)
7. Einehaugsvegen.

Undervegs i arbeidet kan det komme til nye område som ikkje er vurderte tillegare.

DALSFJORDSAMBANDET

– OMKLASSIFISERING AV FV 57

I samband med bygging av Dalsfjordsambandet skal delar av eksisterande vegnett omklassifiserast og skifte eigar. Statens vegvesen har bede kommunen om uttale til deira forslag til omklassifisering:

- Eksisterande veggrunn, no fylkesveg 57, frå Dale rundt Nishammaren til Sætenes vert omklassifisert til kommunal veg i den stand den har pr dato.
- Del av fylkesveg 57 frå ferjekaia i Dale sentrum til kryss mot fylkesveg 57 vert omklassifisert til kommunal veg i den stand den har pr dato.
- Omklassifisering av ferjekai i Dale sentrum til kommunalt eige.

Kommunen er samd i forslaget, men med denne endringa:

- Fjaler kommune ønskjer ikkje å overta som kommunal veg vegstrekninga frå den austlegaste tunnelen på dagens Fv 57 til avkøyrsla ned til Sætenes. Fjaler kommune ber Statens vegvesen ta ansvar for denne vegstrekninga.

Det er fylkeskommunen som skal gjere endeleg vedtak.

KARIN PETRA ANTONSEN ENGER OG GUNNAR ENGER, Åfarnes, har fått konsesjon på overtaking av gbnr 236/9 og 21 for ein kjøpesum på kr 1 600 000. Kjøparane er pålagde 5 års buplikt rekna frå 01.01.16 og driveplikt etter jordlova. Overdragarar er Håkon Milde sitt dødsbu v/Haley Louise Malkenes og Nora Marie Karsten Milde v/Diana Karsten, Bergen.

INGER MARGRETHE BRENDEHAUG, Hellevik, har fått løyve til frådelling av 35 daa (gardstun og hovudsakeleg skrinn fastmark) på gbnr 24/15. Vedtaket er gjort av kommunalsjef landbruk etter jordlova.

SIGURD AASE, Dale, har fått konsesjon på overtaking av gbnr 70/3 Haugen for ein kjøpesum på kr 1 000 000. Aase er pålagd driveplikt i samsvar med jordlova. Vedtaket er gjort av kommunalsjef landbruk. Overdragar er Anny Kjellaug og Knut A. Aase, Dale.



*Dyttinga mot Myklebustølen.
Foto: Henning Stenseth.*

HANS BJARNE HAUGEN, Dale, har fått dispensasjon frå reguleringsplanen for Dingemoen Steia til frådelling av bustadtomt på gbnr 64/1. Grunngevinga er at søknaden er i samsvar med kommunedelplan for området.

Haugen har også fått dispensasjon frå krav om utarbeiding av reguleringsplan i kommunedelplan for Dale. Grunngevinga at det ikkje er naudsynt med utarbeiding av reguleringsplan for tomte då den er ei fortetting av eksisterande bustadområde samt at den ligg slik til at den ikkje vil ha innverknad på utforming og løysingar for resten av bustadområde på Steia.


Klokkargarden – Jakob Sande-tunet

Ja, kva bør barnet heite? Skal det kallast opp att eller skal vi gje det eit nytt namn?

Jakob Sande-selskapet gjorde eit vedtak for ei tid tilbake om at eigedomen dei eig og har ansvar for, skulle kallast Jakob Sande-tunet. Det var i samband med skilting til plassen og som skulle lette mysteriet «Kor er Jakob Sande sin fødestad?» som mange tilreisande lurar på. Så kom det opp eit skilt som det står Klokkargarden på. Det skal visstnok finnast eit skilt som det står Jakob Sande-tunet på også, men det er ikkje kome opp. Så no er forvirringa total! Følg med, følg med....

Er det noko som er «rett namn»? Jakob Sande-selskapet vil bruke Jakob Sande-tunet som offisielt namn. For det er mange klokkargardar rundt om i landet. Men det er aldeles ikkje forbode å bruke Klokkargarden og namn lever gjerne sitt eige liv lokalt.

Jakob Sande-selskapet



Løa i Jakob Sande-tunet

Karneval i Yksnebjør barnehage – Granden/Borgen 2012

Eg gler meg til karneval! Eg skal vere Klatremus, eg skal vere Bamsemor, eg skal vere Mikkel rev og slik heldt det fram.

Tema for årets karneval har vore Dyra i Hakkebakkeskogen av Thorbjørn Egner. I januar starta vi å lese boka og etterpå lytte til lydbokversjonen. Borna har hatt god tid til å leve seg inn i historia. Dei har leika episodar frå forteljinga og etter kvart funne ut kva for dyr dei vil vere. Saman har vi så laga dyreøyre til born og vaksne. Scena på avdeling Borgen vart dekorert med motiv frå Hakkebakkeskogen. På karnevalsdagen vart alle sminka til fine dyr. Dei eldste borna hadde ansvar for å pynte og dekke borda. Vi klipte ut blomster som vi la utover og laga til fine bord. Då alt var klart, samlast vi til framsyning framfor scena på Borgen.

Førskuleborna som går på avdeling Borgen hadde øvd inn fleire songar og sekvensar som vart synt for dei andre: Klatremus si voggvise, Stabbursmusa si vise, Bestemor skogmus si vise, Vaskevise for småbjørnar og KråkePer som skremmer reven frå å ta Bestemor skogmus.

På avdeling Granden, der det er 2 og 3 åringar, valde vi å forhalde oss til bamsefar sin bursdag. 3-åringane sjarmerte oss med dramatiseringa av Bamsens fødselsdag. Der laga borna ein flott skog på gråpapir som vi hengde på vegg. Der hadde dei teikna og malt skog, blomster og klipt ut dyr frå boka og limt på. Dei eldste borna på avdelinga dramatiserte bamsefar sin bursdag. Det var stolte og engasjerte born. Det er kjekt for små og store å bruke god tid på eit emne. Det gjev ro og glede over førebuinga. Noko å glede seg til, lenge. Vi avslutta med god mat i godt fellesskap..



Nytt frå Landbrukskontoret for Askvoll og Fjaler

Miljøplan

Vi minner om at alle foretak (bruk) som mottok produksjonstilskot skal ha miljøplan trinn 1. Dette er eit opplegg i 2 trinn for registrering, planlegging og dokumentasjon av tiltak som gjeld miljømessige tilhøve knytt til jordbruksdrifta.

Viktige element i ein oppdatert miljøplan trinn 1 er: a: Oppdaterte kart over dei areala bruket disponerer der tilhøve av miljømessig betydning er plotta inn, b: Gjødslingsplan (som ikkje er for gammel), c: sprøytejournal, d: sjekklister fastsett av Statens landbruksforvaltning (fyllast ut kvart år), e: plan med frist for gjennomføring av naudsynte tiltak (dersom sjekklister viser manglande ivaretaking av miljømessige tilhøve og f: dokumentasjon på gjennomføring av tiltak.

Trinn 2 skal innehalde: a: mål for foretaket sin miljøinnsats, b: planar for tiltak som skal fremje særskilde miljøfremsmål og c: dokumentasjon på gjennomføring. Alle som søker om produksjonstillegg og som i tillegg søker om SMIL-midlar må ha miljøplan trinn 2.

Du finn meir informasjon om dette under landbruk på Askvoll kommune sine heimesider og i Forskrift om miljøplan

Bruk av piggråd

Vi minner også om at det i 2009 kom ei ny lov om dyrevelferd der det i § 15 m.a. heiter: Det skal ikkje brukast piggråd i gjerde for å regulere dyr sin ferdsel. Mattilsynet opplyser at dette i praksis betyr at eksisterande kan få stå, men det kan ikkje settast opp ny.

Nærings- og miljøtiltak i skogbruket (NMSK)

Stimuleringstiltaka i skogbruket for 2012 vert noko prega av orkanen Dagmar sine herjingar. Dette vil først og fremst medføre at skogsvegtilskota vert kanalisert inn i område der det er akutt trong for å lage veg for å kunne reinske opp/avverke i vindfallområde.

I Fjaler hadde vi relativt lite vindfall og vil dermed i stor grad falle utanfor i år.

Fylkesmannen sine satsar for skogsvegtilskot er som følgjer:

- Større fellesanlegg som er prioritert i hovudplan: inntil 70%
- Andre skogsbilvegar: inntil 60%
- Traktorvegar kl 7: inntil 40%
- Traktorvegar kl 8 (normalt ikkje tilskot): inntil 30%

Fellesanlegg som er del av førebels hovudplan og som er naudsynt for å ta ut store mengder orkanvirke kan få inntil 80% tilskot i 2012.

Skogkulturtiltak er alltid viktige. Det kjem til å verte sett ekstra fokus på forynging av hogstfelt no. Forynginga vert retta mot eigna eksisterande areal. Det betyr at vi skal styre unna areal med sterke interessekonfliktar. Det betyr at vi skal halde oss unna areal:

- som ligg i Landskapsregion 20 (Kystbygdene på Vestlandet – ytst i Fjaler)
- med verdfulle kulturlandskapselement
- med villmarksprega naturområde og INON-sone 1
- med lokalt og regionalt viktige friluftsområde.

Vi har fått bra med midlar til dette slik at det i år vert gjeve 70% tilskot til kjøp av planter og planting. Det vert vidare gjeve 50% tilskot til ungskogpleie som tynning og miljøtiltak.



Tilskot til drift i vanskeleg terreng – taubanedrift og hest (taubane: slepebane som har returblokk, fallbane, eller sjølvgåande løpekatt). Orkanen medfører at det vert nytta ekstra store midlar til taubanedrift i år. Alle søknader skal godkjennast på førehand. Minstekrav til slike drifter er at arealet skal vere 2daa elle 50m³.

- Gran kr 100/m³
- Fure/((lauv))* kr 150/m³ (*Tilskot til reine lauvdrifter vert nedprioritert i år)

Anna drift i vanskeleg terreng: inntil kr 50/m³.

Tilskot til uttak av råstoff til flisproduksjon Denne ordninga vert vidareført, men med satsane er reduserte i høve til fjoråret.

INFO -Landbruksvikar i Fjaler - kontakt Ytre Sogn og Sunnfjord Landbrukstenester

Fjaler kommune hadde fram til utgangen av mai i 2011 tilsett landbruksvikar. Frå juni 2011 vart denne ordninga overført til Ytre Sogn og Sunnfjord Landbruksteneste (YSSL) som har kontor i Askvoll kommune sitt rådhus. Dei fleste aktive gardbrukarar er sikkert orientert om denne endringa, men tenkjer likevel å orientere om dette i BRUA. Du treng ikkje vere medlem i YSSL for å kunne leige den tilsette landbruksvikaren. For meir informasjon kontakt YSSL på telefon: 57 73 31 34.

Hjort

I 2011 vart det felt til saman 624 hjortedyr i Fjaler. Dette er på nivå med fellingstala i 2006-2007, og ein nedgang på 186 felte dyr samanlikna med rekordåret 2009.



I fylket, har ein i førekant av jaktseasonen 2011, lagt bak seg to snørike vintrar, og det har slik vore knytt ein del usikkerheit til korleis dette har påverka hjortestammen. Rapportering av fallvilt og tilbakemeldingar frå grunneigarar indikerer likevel at hjorten har klart seg relativt godt på kysten, medan det i einskilde område lenger inne i fylket har vore registrert ein del avmagra og daude dyr. Tabellen under syner tal felte dyr og sett hjort per jegerdagsverk i perioden 2002-2011 i Fjaler kommune.

År	2002	2003	2004	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011
Tal felte dyr	463	513	530	533	565	652	744	810	704	624
Sett-Hjort pr: jegerdagsverk	1,4	1,8	1,5	1,7	1,6	1,8	2	1,9	1,9	1,6*

* For 2011 er ein ikkje heilt ferdig med innlegging av talmaterialet, men truleg vil ikkje dette gje store utslag. Sett-Hjort per jegerdagsverk gjev ikkje eit konkret mål på tal dyr i bestanden men kan gje eit relativt bilete av utvikling i bestanden over tid.

Registreringar av Sett-hjort per jegerdagsverk indikerer at ein har hatt ein vekst i bestanden i perioden 2002-2008, og deretter ein utflating/reduksjon i perioden 2009-2011. Talmaterialet samsvarar bra med tal felte dyr, der ein har hatt ein auke i perioden 2002-2008, og deretter ein reduksjon i tal felte dyr frå 2009-2011.

Ved eit høgt jaktuttak, der ein har som mål å få til ein reduksjon/stabilisering av bestanden, er det naudsynt at ein har ein god balanse i uttaket av ulike kjønns- og aldersgrupper. I jaktseasonen 2011 hadde ein fylgjande fordeling på dei felte hjortedyra; 24% kalv, 40% ungdyr og 36% eldre dyr, og totalt vart det skote 321 (51,5%) hanndyr og 303 (48,5%) hodyr. Fellingsresultata gjenspeglar sentrale mål i storvalda sine bestandsplanar, der det har vore eit gjennomgåande fokus på å ha eit høgt uttak av kalv/ ungdyr for å auke kvaliteten i form av auka alder på produksjonsdyra og auka slaktevekter samstundes som ein får til ein reduksjon/stabilisering av bestanden.

KLIPPE, KLIPPE....

INGER MARGRETHE BRENDEHAUG, Hellevik, har fått løyve til frådelling av 35 daa (gardstun og hovudsakeleg skrin fastmark) på gbnr 24/15. Vedtaket er gjort av kommunalsjef landbruk etter jordlova.

SIGURD AASE, Dale, har fått konsesjon på overtaking av gbnr 70/3 Haugen for ein kjøpesum på kr 1 000 000. Aase er pålagt driveplikt i samsvar med jordlova. Vedtaket er gjort av kommunalsjef landbruk. Overdragar er Anny Kjellaug og Knut A. Aase, Dale.

FJALER FOLKEBIBLIOTEK - OPNINGSTIDER OG KONTAKT

Hovudbiblioteket i Dale, Fjalerhuset
Tlf. 57 73 80 17

Biblioteksjef Mette Rysjedal

Opningstider:

Tysdag og fredag kl 10.00 – 15.30

Torsdag kl 13.00 – 19.00

Straumsnes filial i grendahuset
v/ Hjørdis Åsnes

Tlf. 57 73 51 13

Onsdag kl 15.00 – 18.00

Guddal filial i grendahuset
v/ Lilly Ødemark

Tlf. 57 73 88 40

Onsdag 13.00 – 16.00

Søk på: asp.bibits.no/fjaler-fb

www.fjaler.kommune.no/biblioteket

Facebook > Fjaler folkebibliotek



Ny fakturaadresse i Fjaler kommune

Fjaler kommune innfører elektronisk fakturahandsaming og felles fakturamottak med Førde kommune frå 01.05.2012. Vi ber difor om at alle fakturaer til Fjaler kommune, inkl. alle tenesteeiningar vert sendt til følgjande fakturaadresse:

Fjaler kommune
v/Rekneskap
Postboks 338
6801 Førde



Hålandsbrua. Foto: Monica Johansen



Den Trondhjemske postvei mellom Dale og Leirvik vart bygd i 1801-1806 som lekk i vekefast postgang mellom Bergen–Molde–Trondheim. Til grunn ligg Kgl.res. av 13. mai 1785. Særmerkje for postvegen er dei mange karakteristiske steinbruene, som fortel om eit framifrå tørmurarverk.

Opphavelog var det 19 steinbruer mellom Dale og Leirvik. Milestolpar markerte avstanden til Bergen i heile og halve mil. Etter kongeleg påbod skulle sjølve postvegen vere 6 alen brei, i tillegg eit par alen til grøfter. Postvegen tok snøggleia opp- og nedoverbakke, ofte der dyra hadde gått føre. Rodeistolpar markerte kven som hadde vedlikehaldsplik. Folk måtte fare milevis med båt og til fots for å arbeide på vegen, så det var ei tyngjande plikt. Mellom Dale og Leirvik var det 38 vedlikehaldsroder. Dessutan kunne bønder der vere pålagt tyngjande skyssplikt.

Ved Kgl.res. av 21. mars 1868 vart vegstrekninga nedlagd som hovudveg til fordel for vegen gjennom Vadheidsdalen.

Postvegen går gjennom eit variert kulturlandskap med mange interessante kulturminne. Gjennom generasjonar har han også vore viktig veg for land-

bruket. «Tidens tann», men også generasjonars tankeløyse og uforstand har sett stygge merkje. For ein del år sidan vart postvegen gjennom Fjaler og Hyllestad restaurert. Også andre kulturminne langs postvegen er rehabiliterte, m.a. det unike vassbruksmiljøet i Skor i Hyllestad.

Ved fornuftig bruk og ordna vedlikehald skulle postvegmiljøet vere sikra for ettertida.

Den Trondhjemske postvei i dag

I dag er denne traseen gjennom Fjaler knytt til fleire ulike arrangement. Den er også med som ein av 20 stiar som er plukka ut av Svint Idrettslag til Kystarvprosjektet som er skildra ein annan stad i Brua.

4. august arrangerer sykkelgruppa til Dale IL «Postveggrittet». Også i år som seedingritt til Birken. Meir informasjon sjå www.postveggrittet.no.

2. september arrangerer Svint IL «Postvegtrimmen» - ein turdag for heile familien med start både på Rennestraum og Sveien – med avslutning på bedehuset på Hovland.

Sommaren 2010 sykla Stephan Holand frå Florø og Vincent Yndestad heile

stykket frå Bergen til Trondheim.

Utdrag frå bloggen

www.trondhjemskepostvei.no:

«Vi fortsatte fra Leirvik og sykla Postveien så godt det lot seg gjøre til Skor. Siste biten mot Skor sykla vi på en skogsvei/sti som var mye preget av høyt gress, steiner og klegg. Været var fantastisk, svetten rant og vi var tom for vann. En bekk med rennende vann er som gull av og til. I 19-tida slo vi leir ved Kvernhusfossen, hvor middagen bestod av fisk, potetmos og stekte kantareller.»

En ny dag med havregryn, skummet kulturmilk og bringebær syltetøy førte oss via en fin, men gjengrodd postvei, først til Flekke, så til Dale. Ved Bringeland tok vi en forfriskende dukkert i elva før vi begynte på veien mot Førde.»

Flinke grunneigarar langs turvegen

Sjølvs om Den Trondhjemske postvei formelt sett er eigd av Statens vegvesen så er vi avhengig av godt samarbeid med grunneigarane langs løypa. Vi ser at mange av desse legg ned stor innsats for å halde dette kulturminnet vedlike og gjera det tilgjengeleg for deg og meg. Tusen takk !

Fjalerprisen 2011 til Margrete Reisæter!

Prisen vart overrekt ved opninga av kommunestyret sitt desembermøte. Leiar i nemnda, Gudmund Solheim, grunngav tildelinga slik:

Fjalerprisen er oppretta for å gje honnør for særleg innsats til beste for kommunen og for å setje fokus på nyskaping, openheit og inkludering.

Margrete Reisæter sin mangeårige innsats innan frivillig kulturarbeid og hennar inkluderande måte å møte nye innbyggjarar på vert særleg trekt fram når ho no får Fjalerprisen.

Margrete kom til Fjaler i 1972 og etablerte raskt eit stort kontaktnett og engasjerte seg i kulturarbeidet i kommunen. Ho brukte sine kreative evner til å skape og organisere kunst og kultur. Ho har vore drivkrafta bak mange etableringar, organisasjonar, hendingar og opplevingar i kommunen. Margrete har hatt mange roller i kunst, kultur og organisasjonsliv og vi ser framleis at ho tek tak i nye arbeidsfelt til gode for bygda og kommunen.

Margrete går alltid fullhjerta inn i ting og let aldri noko vere halvgjort. Dette kan synleggjerast slik: Når andre er ferdig, sit Margrete oppe siste natta for å sikra kvaliteten og prikken over i en – kvalitet er viktig del av arbeidet hennar. Det er sagt om ho at : Når vi har Margrete med på laget er vi alltid trygge for at ting vert skikkeleg gjort.

Ho var med å etablere, og er ein aktiv drivar av Dalsbua som etter kvart har vorte ein institusjon i bygda. Damene som har drive Dalsbua på dugnad i over 30 år har samtidig forvalta ein bygning i eit historisk miljø på ein god måte. Butikken er eit spennande innslag og ein fargeklatt i butikkmiljøet i Dale.

I Dale ungdomslag vart ho tidleg aktiv og har sett opp eit utal av teaterstykke for barn og vaksne – i samarbeid med profesjonelle og amatørar. Svært mange barn og unge har hatt sitt

første møte med teater saman med Margrete og Dale ungdomslag, og dei har vorte kjent for store og fantastiske oppsettingar av høg kvalitet. Ho har også vore aktiv i mykje anna ungdomslagsarbeid.

Margrete bur i Klokkargarden, Jakob Sande sin fødestad. Ho har vore aktiv i dei ulike organisasjonane knytt til dette i mange år og er no styreleiar for Jakob Sande-selskapet. Ho har heile tida stått for arrangement av ypparste klasse for å synleggjere Jakaob Sande si dikting og å skape gode kulturmøte for fastbuande og tilreisande. Ho har også vore hovuddrivkrafta i det praktiske dugnadsarbeidet i Jakob Sande-tunet, no sist med restaurering av lœa som har vorte i framifrå møtestad for ulike arrangement og lag i kommunen. Ho har i alle år drive med overnatting i hovudhuset - skuleelevar, turistar og no praktikantar som jobbar på designsenteret Transplant, har delt kjøkken med Margrete og møtt hennar inkluderande vesen.

Det lønna arbeidet til Margrete er å vere dagleg leiar for Frivilligsentralen som ho i si tid var med å etablere. I denne jobben tar ho imot volontørar frå heile Europa, har vore med å utvikle den kommunale heimesida, lagar informasjonsmateriale for tilflyttarar



og har fulgt opp både Dalsfjordveka og andre store kulturarrangement. Frivillig innsats er slik sett vorte ein livsstil for henne.

I eit av framlegga til pris vert ho kalla dugnadsentreprenør. Ho er idèrik, open for nye idear og er flink til å omstille seg der ho ser potensiale til nye tiltak og etableringar. Dette har ført til at mange nye kontaktar er knytt til kommunen. Ho har lagt til rette for at ulike kulturar kan møtast og tunet hennar har vorte ein møtestad både for kunstnarar på Dalsåsen, ungdommar frå LPC-leiren og uwv, volontørar og som sagt designstudentar som jobbar på Transplant.

Mange har sett kva innsats Margrete legg ned og ynskjer å sette pris på denne innsatsen. Vi vonar at Fjalerprisen inspirerer til vidare innsats i åra som kjem.

KLIPPE, KLIPPE....

HANS BJARNE HAUGEN,

Dale, har fått dispensasjon frå reguleringsplanen for Dingemoen Steia til frådelling av bustadtomt på gbnr 64/1. Grunngevinga er at søknaden er i samsvar med kommunedelplan for området.

Haugen har også fått dispensasjon frå krav om utarbeiding av reguleringsplan i kommunedelplan for Dale. Grunngevinga at det ikkje er naudsynt med utarbeiding av reguleringsplan for tomte då den er ei fortetting av eksisterande bustadområde samt at den ligg slik til at den ikkje vil ha innverknad på utforming og løysingar for resten av bustadområde på Steia.

Gjenvinning – det beste for deg og miljøet

*Er du tvil kor du skal kaste kva?
Må eg betale? Veit du kor mykje vi
kasta i alt siste år?*

På gjenvinningsstasjonen i Flekke møter du som oftast Ove Myrmel (biletet) når du kjem med bilen din full av skrot og ting du ikkje treng lenger. Han kan fortelje at han driv Myrmel Bruk som drifrar fire gjenvinningsstasjonar; i Askvoll, Gaular, Jølster og i Fjaler. Alle stasjonar som SUM har ansvar for, er lik den i Fjaler. Men denne i Fjaler utmerkar seg og får ofte skryt frå folk som kjem på synfaring, fortel han og held fram:

- Dei ulike avfalls-selskapa i landet har ulike ordningar når det gjeld betaling og ikkje betaling. SUM har valt ei ordning der hushaldningane får levere hushaldningsavfall gratis på stasjonane. Dette vert finansiert av den årlege renovasjonsavgifta. Det er to unntak:

- 1) Avfall frå næringsliv og frå lag og organisasjonar er alltid betalingsvare
- 2) Avfall frå privatkundar som er bygningsrelatert er også betalingsvare

Eksempel på bygningsrelatert vare er bygningsmateriale, isolasjon, dører, vindaugene genelt og liknande materiale. Her er ein grensegang mellom betalingsvare og hushaldningsavfall. Når du kjem med ting du vil kaste, er det bra om du har sortert på førehand, sjølv om vi som arbeider på gjenvinningsstasjonen har fokus på å rettleie deg korleis du skal sortere og spesielt på farleg avfall.



- Men kva er farleg avfall i dag?

I SUM-infoen finn du ein detaljert vegvisar for farleg avfall. Men dette kan du levere i Flekke:

- Elektrisk avfall (EE-avfall) som datautstyr, mobiltelefonar, musikk-anlegg, fjernsyn, kvitevarer.
- Farleg avfall frå hushaldning som er mindre mengde måling, sprayboksar, giftig og anna miljøfarleg avfall, spillolje.
- Bilbatteri.
- CCA- impregnert treverk som er trykkimpregnert treverk frå før 10/2002
- PCB -haldige vindaugene som er alle doble isolerglassruter frå tida 1965-1975
- Kloroparafin vindaugene 1976-1990
- Vinylbelegg, golvbelegg før 2001, bygning- og rørisolasjon

- Men kva så med gamle eternitt-tak?

Asbesthaldige plater?

Her er det viktig at SUM kontaktast først og dei vil fortelje deg kva du skal gjere. Men i hovudsak kan du velje om du vil køyre det inn til Einestølen i Førde sjølv eller levere det på den årlege henteruta etter innmelding og dette gjeld mindre mengde. Dei må vere støvfritt innpakka og her gjeld arbeids-tilsynet sine krav.

- Og med farleg avfall frå næring?

Måling, sprayboksar, giftig og anna miljøfarleg avfall og olje kontaktar du SUM for innmelding og henting etter avtale.

- Er det noko alternativ til korleis vi kvittar oss med basset i dag?

Det seier sjølv at med dei mengdene avfall som er no til dags, måtte det til ei løysing slik gjenvinningsstasjonen er. Dagens samfunn produserer meir og meir avfall. Så det er viktig at dette vert gjort i kontrollerte former på rett vis.

Fjaler er mellom dei kommunane som leverer mykje inn på gjenvinningsstasjonen. Totalt har Fjaler høge tal og ligg over antalet på samanliknande kommunar. Det er positivt. Rett nok var det ein nedgang ved oppstart av den nye gjenvinningsstasjonen, men dette har teke seg gradvis opp. Kanskje har også folk i Dale innsett at det ikkje er så langt til Flekke...



Det meste som kjem inn, går til gjenvinning. Det går lite til deponi. Dette er også i tråd med myndighetene sin målsetting.

Ove Myrmel kan syne fram ein tabell for heile 2011 med vegedata i tonn:

VEGEDATA I TONN:

Treverk	75,34
Restavfall	195,24
Metallskrap	65,90
Batteri	3,95
Papir og papp	7,64
PCB-glas	0,86
Farleg avfall	6,70
El-avfall	47,60
= Totalvekt	402,70

GJENVINNINGSTASJONEN I FLEKKE er open kvar tysdag kl 12.00–18.00

Den ligg i Kjørlevika (i krysset der ein tek av frå rv 57 til ytre Fjaler)

Betaling

Det er utarbeidd regelverk for betaling. I Flekke kan du anten betale med kort (visa og mastercard) på betalingsterminal eller du kan få tilsendt rekning. Ein kan ikkje betale med kontantar. Det beste er å gjere opp på staden, så hugs å ta med deg beatlingskort! Prisar vert rekna etter m3: kr 575,- inkl mva pr m3
kr 287,50 inkl mva for 0,5 m3
For mindre leveringar er minsteprisen kr 138,- inkl mva

Glas- containar

I Fjaler er det plassert ut glas-og metallcontainar i dei ulike grendene: i Dale ved uteseksjonen for teknisk eining i Trolleskaret, ved gjenvinningsstasjonen i Flekke, ved butikken på Hellevik, ved Våge skule og i Guddal ved butikken.

Renovasjonskalenderen som du får i posten fortel deg når du kan setje fram dunkane dine for henting. I Fjaler er dette vanlegvis kvar tysdag for grå dunk (restavfall) og måndag ein gong i månaden for blå dunk (papiravfall),

men det er endringar i samband med fridagar. Dei skal settast fram før kl 07.00 på tømедagen.

Ekstra sekk

Hugs at overfylt dunk ikkje vert tømt og avfall plassert ved sida eller oppå vert ikkje teke med. Men fortvil ikkje, du kan bestille ekstra sekk. Dette kan du kjøpe på genvinningstasjonen i Flekke eller du kan kontakte SUM på tlf eller epost og du får dei levert etter 2 dagar. Pris kr 100,- pr 140 l sekk (om lag som ein vanleg dunk) som dekkjer innlevering og handsaming.

Brette drikkekartong

Delta i returkartonglotteriet! Skyll, brett og stapp minimum 6 kartongar i den 7. kartongen og skriv namn og telefonnummer på. Legg dei i papirdunken.

Nettsida www.grontpunkt.no fortel: Alle kan delta og vinne i lotteriet - privatpersonar eller organisasjonar, skular, barnehagar, idrettslag etc. I 2012 skal det delast ut premiar for til saman 1,6 millioner kroner. Dette er fordelt på 120 premiar á kr. 10.000 og 4 premiar á kr. 100.000,-.

Tømming av avfallsdunkar er utført av RenoNorden AS. Kontakt for rute – og bilopplysningar tlf 99 28 27 00

SUM INFO og renovasjonskalender vert sendt ut til alle husstandar. Vi har plukka informasjonen her frå desse to, så det er meir å lese der. Du kan også komme med innspel på noko du vil ha annleis i ordninga. Finn du ikkje att informasjonen, kan du få begge ved sørviskontoret i Fjalerhuset eller gå inn på SUM si heimeside.

SUNNFJORD MILJØVERK IKS

Tlf. 57 72 41 50
www.sum.sf.no

SUM Einestølen Førde finn du ved å ta av frå rv 5 midt mellom Førde og Naustdal, ta av ved skiltet som syner mot «Avfallsplass» og køyr ca. 3 km.

FJALER KOMMUNE BUDSJETT 2012

ÅRSBUDSJETT 2012

- er vedteke med fylgjande hovudtal:

Tal i heile 1000 kr	
Skatt på inntekt og formue	49 084
Råmetilskot	113 730
Eigedomsskatt	2 905
Andre frie inntekter	5 790
Sum inntekter	171 509
Netto renter og avdrag	8 636
Til fordeling drift og fond	-162 873
Fordelt til drift	156 023
Nettoavsetnad/bruk av fond/ overført til investering	6 850
Balanse	0

INVESTERINGSBUDSJETTET

er vedteke med fylgjande hovudtal:

Tal i heile 1000 kr	
Ordinære investeringar	21 605
Sum investeringar	21 605
Momskompensasjon	2 400
Bruk av kapitalfond	600
Sal av anleggsmiddel	250
Låneoptak	18 355
Sum finansiering	0

Hjarteleg takk for minneblom i høve Harald Rennestraum si gravferd.


For kreftomsorga i Fjaler, faggrupper i lindrande behandling.

RUSETTERVERNEN

RUSETTERVERNEN I SOGN OG FJORDANE
Fylkessekretær tlf. 948 34 493
Styreleiar tlf. 415 07 533
epost: post@rusettervernet.no
heimeside: www.rusettervernet.no

Redningsvesten etterverngruppe i HAFS-kommunane for tidlegare rus-misbrukarar
Kontakt Leif Raald Skår
Tlf. 975 89 795
Epost roa-skaa@online.no

Redningsplanken pårørandegruppe
Kontakt Dagfrid Mågerud
tlf. 906 92 667



Dale med kommunehuset ca 1920. Her ser vi Gamleheimen eller «Kveldssol» (1919) som er nybygd og huset til Svein og Inger Hovland (1916) som vart påbygd i høgda i 1939. Gamlebanken (1923) er ikkje oppført enno. Bortanfor ser vi det gamle kommunehuset (1895) og gamleskolen (ca 1860) som var i bruk til 1921 då Dingemoen skule tok over. «Jordmorhuset» bak løa i Klokkargarden er vekke no, medan huset til venstre for kyrkja er flytta sør for ungdomskulen. Utlånt frå Inger og Svein Hovland.

Fjaler 100 år

Kommunenamnet «Fjaler» er 100 år i år og BRUA vil markere jubileumsåret i dei tre utgåvene som kjem ut i år. Vi vil dele dei 100 åra i tre bolkar der vi viser tidsbilete med m.a. ein ordførar som har fungert i perioden og ulike foto frå kommunen

Vi ønskjer å dele dei 100 åra inn i følgjande periodar:

1) 1912–1944 2) 1945–1978 3) 1979–2012

Namnet Fjaler:

Fjalir kan ha tydinga «Fjæl, Bret, Bord». Namnet på kommunen var Ytre Holmedal fram til 6/12-1912, då det gamle landskapsnamnet Fjalir vart vedteke brukt. Fjalir var i gamal tid namnet på den sørvestlege delen av Sunnfjord.

Bygdene i Dalsfjorden var frå gammalt av «Holmedal prestegjeld». I 1755 vart prestegjeldet delt i to til Indre Holmedal og Ytre Holmedal prestegjeld. Det siste vart ved innføringa av formannskapslovene i 1837 til Ytre Holmedal kommune. I 1911 vart Indre Holmedal til Gaular kommune og Ytre Holmedal vart i som nemnt til Fjaler i 1912.

Fjaler 1912

Ordførar dette året var lærar, klokkar og kyrkjesongar Øystein Sørebo. Han budde meste tida i Guddal og var ein engasjert mann på mange område, m.a. innan ungdomslag og misjon. Han var ordførar i tida 1911–1913. Han vart avløyst av far til Jakob Sande, Andreas Sande som av yrke var lærar, klokkar og kyrkjesongar. Han var ordførar i to bolkar, 1914–16 og 1920–28.

Livet i Dale på denne tida

Her og i bygdene rundt finn vi ein lang radikal opplysnings-tradisjon som får fornya impulsar frå arbeidarrørsla, også i Fjaler som rundt første verdskrigen vart eit viktig industri-område. Dale var eit særmerkt bygdelag, med ein liten, men sjølvmedviten krins av kondisjonerte, ei veksande gruppe industriarbeidarar og ei stor gruppe bønder og småbrukarar. Det var eit samansett lokalsamfunn med stor avstand frå dei kondisjonerte til dei fattigaste.

Jakob Sande var ein liten gut på 6 år og heime i Klokkargarden var dei ferd med å byggje ny løe. I 1912 går det ei religiøs vekking over bygda som kom til å splitte bygda. Både unge og eldre var med, og det utvikla seg ein skarp motstand mellom ungdomslaget og dei vakte.

I heradsstyret var møtebøkene på nynorsk frå 1914, medan skulestyret hadde nytta nynorsk sidan 1909. Sjølv om målsaka stod sterkt, var det likevel to riksmålslag i

Dalsfjorden.

Bjørnson hadde nett vore på besøk i bygda og skrytt over bestefaren til Jakob, Johan Barsnes sine diktarevner. Nikka Vonen hadde nyleg avslutta den vidgjetne pensjonatskulen for unge jenter på Steia i 1907, vel 70 år gamal. Falchs pensjonatskule var framleis i drift. Dale Klogfabrikk vart i 1911 meldt til opphøyr og gjekk no over til å bli ein del av G.C. Rieber & Co. Dette vart ei ny tid for fabrikk. Talet på tilsette var 20. Tora Wettergren tok over som disponent, ein til-lit som kom svært få kvinner til del på den tid. Ho var den første styraren på «kloggen» og var ei tid lærar på skulen på Steia.

Tønneverkstadane i fleire av Sunnfjordbygdene vart utbygde til store fabrikkar som kunne ha opptil 100 tilsette på det meste. Den største vart Dale Tønnefabrikk i Dale, starta i 1912 av Ola Hovland frå Eikefjorden. To år etter starten, hadde Hovland 25 tilsette. Seinare kom broren Aksel Hovland til Dale og starta ein like stor tønnefabrikk saman med svogeren. Denne fabrikk fekk namnet Hovland & Rakneberg. Bøkkarfaget hadde Ola og Aksel lært hos faren Kristoffer Dahle-Hovland i Eikefjord.

Lær om fortida og ta den med deg inn i framtida!

Bileta og historiene som høyrer til, er ein rik skatt vi kan ty



Ordførar 1911-13 Øystein Sørebo.

Avfotografering : David Zadig.

til når vi vil fortelje unge om gamle dagar og når eldre vil minnast «før i tida». Fjaler sogelag gjev ut sogehefte kvart år, Fjaler Lions Club gjev ut kalender med bilete frå ulike tidsperiodar. For dei som er nettbrukarar er det fleire vegar til informasjon: I fylkesarkivet kan du søke opp bilete og lese i kulturhistorisk leksikon, og du lese enno meir i NRK sitt fylkesleksikon. No for tida finn ein også mange bilete i Facebook-grupper og Fjaler Origo. Ta ein kikk og bli begeistra!

Meir lokalhistorie kan du m.a. finne i:


«Nikka Vonen- Folkeminnesamlar, skulestyrar og målkvinne» Greta

Hekneby 2010. «Jakob Sande. Liv – Dikting» Ove Eide 2006. «Hundre år med «Kloggen» - skoproduksjon i Dale» Atle Ness 2002. «Pensjonatskular i Fjaler gjennom 100 år» Magne Fagerheim 1998. Desse bøkene får du kjøpt på Sørviskontoret på Fjalerhuset

Ordførarar i Ytre Holmedal / Fjaler

Om du vil du sjå alle ordførarane frå 1837 og fram til i dag, finn du portrett av dei i kommunestyresalen i Fjalerhuset. Du kan også sjå dei på nettsida til Fjaler kommune under «Lokalstyre». David Zadig har avfotografert bileta.

Dale sett frå Yksnebjør, teke mot vest, omlag 1912. Eigar: Barthold Vonen.



106 kilometer med sti rydda og merka

No nærmar det seg siste innspurt på merking og rydding av dei 20 turstiane vi har skrive om i tidlegare nummer av Brua. Prosjektet er ein del av eit større prosjekt kalla Kystarven – og i vårt delprosjekt skal alle kommunane i HAFS rydda 20 stiar kvar. I løpet av sommaren skal det utjevast eit kart for Hyllestad/ Fjaler – dette vert lagt ut for sal på sørviskontoret og turistinformasjonen. I tillegg skal det lagast informasjonstavler både der kvar sti startar – samt at det vert såkalla bygde- tavler der ein samlar informasjonen for kvart turområde.

Her er ein oversikt over dei 20 stiane som er plukka ut i Fjaler i denne omgang :

F1 Eldbjørgstien (Stroka-Eina) 3 km Stien startar med ca 600m grusveg. Vidare i flatt terreng til Eina.

F2a. Einingsfjellet (Holstad-Eina) 3,5 km Start frå tilrettelagt parkeringsplass ved kommunevegen eit par hundre meter vest for Holstad. Jamn stigning opp til Einingsfjellet. Unnabakke ned til Eina.

F2b. Gamle skulevegen (Eina-Våge) 2,2 km Start frå Eina, flatt terreng forbi Einingsvatnet, gradvis stigning til Breiskaret, unnabakke ned til Våge.

F3 Bygdeheia (Skår-Furset) 5 km Start frå Skår. Slak stigning opp til toppen av skaret flatt inn til varden. Følg stien ned til skogsveg. Siste 400 meter er på skogsveg ned til parkeringsplass. Følg skogsveg 750 meter til fylkesveg 65.

F4 Brendåsen (Håvåg-Håskaret-Brendåsen-Skifjorden) 5,1 km Skogsveg til kryss mot Håskaret/Skifjorden. Sidesti opp på Brendåsen. Alternativ rute med start frå Fure om Brendåsen. Stien går vidare opp mot Håskaret med brura- steinen og Skifjorden.

F5 Kjosnesåsen, 0,8 km Ca 600 m på FV 65 etter kryss på Hellevik. Ta av til Kjosnes. Ca 2 km til parkeringsplass. Stien startar på gammal traktorveg. Deretter skogssti til toppen.

F6 Arsteinsheia rundt (Arsteinsheia-Gravarstien-Jynleite) 5,7 km Start frå Indre Åsnes og følg skilting til parkeringsplass. Jamn stigning på skogsveg og kort sti til Arsteinsstølen, vidare på sti langs ein rande til Arsteinsheia. Fin og tørr sti sørover til Gravarstien, ein kort og litt bratt nedstigning før Nigardstølen der stien snur mot nord att i hellinga mot vest.



Foto: Anita Hylderås

F7 Vardeheia (Dalsleitet-Nigardstølen-Vardeheia) 4,5 km Start frå parkeringsplass ved RV 607 på Dalsleitet. Varierende stigning gjennom granskog til ein nærmar seg Nigardstølen. Stien går på varierende underlag. Stigning i ope lende mot Vardeheia som er høgste toppen på Straumsnesheia.

F8 Håheia, 5 km Start frå skogsveg ved Solheim. Vekslande stigning på skogssti til toppen. Unnabakke frå toppen til skogsveg. Ca 1 km på skogsveg til slutt.

F9 Flekkestølen (Turvedalen- Flekkestølen -Langevatna) 4 km Jamn stigning på skogsveg ca 1 km, deretter gammal stølsveg fram til stølen. Vidare i vekslande stigning på skogssti til Langevatna.

F10a. Den Trondhjemske postvei (Rennestraum-Espedal-Sveien) 7 km Til dels dårleg grusveg, kan syklast med terrengsykkel. Byrjar på gardsveg, flatt og kupert på turveg via Vassliås. Bratt opp mot Espedal og kupert og bratt vidare til Sveien.

F10b. Den Trondhjemske postvei (Flekk-Stav), 2,7 km Stien går på bygdeveg til Vellene, deretter småkupert grusveg. Hard stigning opp mot Stav. Bra sykkelveg bortsett frå siste stykket opp mot Stav.

F11 Jarstadheia (Rakneberg-Haugland) 6,8 km Parkeringsplass ved enden av skogsveg. Jamn stigning til Storelifjellet. Flatere mot Bergsstølen, deretter stigning og litt flatere mot toppen. Vidare flatt og unna mot Haugland. Skogsveg siste stykket ned.

F12 Rundløype Grøneholtan-Østenstad, 8,3 km Ta av frå RV 57 mot Dalsåsen. Parkering og løypestart ved den gamle vass- verkdammen. Vekslande stigning til Grøneholtan. Deretter

flatare og kupert til Østenstad. Jamnt unna på skogsveg og sti til Dalsåsen og på asfalt tilbake til parkeringsplassen.

F13 Heileberget (Fossevika–Fløyen) 6,2 km Jamn, hard stigning, nokre brattare parti. Ikkje klatring. Båttransport over fjorden. Frå 2014 vil det vere brusam-band til parkering på Ottersteinen.

F14a. Otresmettet (Huseklepp–Herstad) 9 km Stistart på Huseklepp. Vekslande stigning til Guddalsvatnet. flatt og småkupert langs vatnet, gjennom Otresmettet og over Herstadmyrane. Unnabakke til Herstad, siste delen på skogsveg.

F14b. Otresmettet (Huseklepp – Taket) 6 km Følg sti 14a i ca 2 km, ta til høgre ved Kvilesteinen mot Husekleppstølen. Stigning derifrå på sti til Vardevatnet. Frå nordsida av vatnet stigning mot Taket – her er ikkje merka sti, men lendet er ope og oversiktleg å ta seg fram i.

F15 Steiestølen rundt (Dyttinga, Taket, Styggeheia, Namnlausevatna, Slettlandsstølen) 13 km Stistart ved Dyttinga med steinvandring over elva. Jamn hard stigning mot Taket, deretter vekslande fjellterreng via Styggeheia ned til Slettlandsstølen. Grusveg den siste kilometeren.

F16 Storevarden 4,2 km Stigning opp lia frå Heldalsvatnet, deretter flatare til Langelandsstøl. Stigning opp frå stølen til kupert fjellterreng mot toppen.

F17 Hovlandsdalen–Langevatnet, 5 km Start frå hovudveg. Ca 500 meter i slak stigning til Tverrabrekka. Stien fortset opp Trollgjelet, noko kupert terreng. Deretter er det slak stigning inn til Hovlandsstølen og Langevatnet.

F18 Rundløype Dalselva, 3,5 km Start ved Vesle Daniel-støtta, gå gjennom Tusenårsstaden til Steia, vidare på vestsida av tunet til Jarstadvegen, nordover langs elva frå Jarstadbrua til

under Svehaugen. Langs kommunal veg til Hagehola, austover bak Elvetun barnehage til Storelva, vidare langs elva over brua til Parken.

F19 Filasofgangen, 3,3 km Start ved Lillingstonheimen. Nyrenovert tursti går i gjelet mellom Tysse og Leitet, vidare langs riksveg til Fagervika, stien går over Fredensborgåsen og ned igjen til Tyssebrua. Fredensborg er ein park med gravlund frå 1824 midt i skogen.

F20 Nordsjøløypa (Karssund–Stroka), 2,4 km Løypa startar ved butikken og går på gardsveg eit stykke, før den går gjennom utmark. Underlaget er i hovudsak prega av lyng, berg og enkelte myrer som ein må passere fram til Skråvika. Om du ynskjer det kan du den siste biten velje ein annan trasè mot Stroka (som merka i kart)

*Har du lyst å vera med å rydda ein sti?
Ta kontakt med kultursjef Ingeborg Tysnes,
57 73 80 44.*



Einingsfjellet. Foto: Monica Johansen

Returadresse: Fjaler kommune, pb 54, 6961 Dale i Sunnfjord

Ofte stilte spørsmål:

VIKTIGE TELEFONNUMMER:

Fjaler legekantor: 57 73 81 80
 Øyeblikkelig hjelp, lege: 57 73 81 90
 Sørviskontoret, Fjaler kommune: 57 73 80 00
 Teknisk vakt (heile døgnet), Fjaler kommune: 95 18 35 15
 Skatt Vest: 800 80 000 → ope 09.00–15.00 heile året
 NAV Fjaler: 57 01 58 00

BANDTVANG FOR HUND

Det er bandtvang i perioden 1. april til 1. november.
 Elles skal hundar haldast i band heile året på fylgjande stader:
 a) I og i tilknytning til bustadområde og handleområde.
 b) På tilrettelagde og/eller merka område for idrett og friluftsliv, skuleveggar, merka skiløyper, badeplassar, skuleplassar, leikeplassar og merka turstiar.

FORBOD MOT HUND

I Fjaler kommune har ikkje hundar tilgang til barnehagebygningar, skular og kyrkjegardar

Opplysningane er henta frå kommunen si Forskrift om bandtvang for hund i Fjaler kommune, vedteken våren 2009.

BÅLBRENNING

Det er generelt forbod mot å tenne opp eld i skogsområde i perioden 15. april til 15. september.


På kommunen si heimeside, fjaler.kommune.no, finn du utfyllande informasjon og elektronisk søknadsskjema. Ikkje alt treng søkast om, men meldast til brannvernet.

Du finn fram slik: Vel «Tenester» i toppmenyen. Då kjem du til ei side der ein del av kommunen sine tenester er oppførde alfabetisk. Vel «Bålbrenning». Du kan sjølvstilt også bruke søkefeltet oppe til høgre på framsida. Fritt val ...

PRISAR OG SATSAR PÅ KOMMUNALE TENESTER FJALER KOMMUNE 2012

Fjaler kommune har utarbeida eit prishefte for alle kommunale tenester. Dette heftet kan du få tilsendt ved å henvende deg til sørviskontoret på Fjalerhuset, tlf. 57 73 80 00 eller epost: post@fjaler.kommune.no.

I dette heftet finn ein mellom anna prisar for barnehagar, skular, kulturskulen, bistand- og omsorgstenester, tekniske tenester, eigedomsskatt og landbrukstenester.



Sjå www.fjaler.kommune.no/ Kva skjer?
 for oppdatert kalender

Gudstenester m.m. finn du i Kyrkjeblad for Fjaler og på www.fjaler.kyrkja.no